



Terje Isdal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/32173217

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
14.04.2021

Svar på spørsmål om samanslåing av gbnr 185/6 og 185/38 Isdal185/6 og 185/38 Isdal

Viser til e-post 09.04.2021 med spørsmål om framgangsmåte for samanslåing av dei to eigedommane.

At kartet viser gbnr 185/38 som ein liten 8-kant indikerer at grensene er ukjente for dei som er ansvarlege for kartet, Statens kartverk. Storleiken på 8-kanten seier ingenting om storleiken på arealet.



Kommunen kan ikkje gjera noko for å slå saman eigedommane før dei har same eigar.

De må først kontakta skifteretten om overføring av heimelen til gbnr 185/38 frå Solveig Alver sitt dødsbu til ny eigar.

Grunnboksbladet som du har lagt ved, viser til skylddeling tinglyst 01.02.1950.

Dette dokumentet kan du bestilla frå Statens kartverk, tinglysinga .
Skylddeling/skuldsifte skal innehalda skriftleg skildring av grenser og eventuelt arealet på eigdommen.

Når heimel til gbnr 185/38 er overført kan eigaren søka til Alver kommune – avdeling for kart og oppmåling om samanslåing av eigedommane. Det er ikkje gebyr på samanslåing.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Terje Isdal